Referat Kompetanseforum Hardanger Voss 11.04.25

Tilstades: Per Odd Grevsnes, Vestland fylkeskommune
Nikolai Park Foss, VLFK
Timo Knoch, Eidfjord kommune og rådsordførar Hardangerrådet
Ann Kristin Mæland Vedå, NAV Hardanger Voss
Mona Hellesnes, Ulvik herad
Hans Jørgen Andersen, Kvam Næringsråd
Geir Veland, Odda vgs
Samson Håland, Kvam vgs
Svanhild Birkenes, Handalag Opplæring
Amanda Bjørnenak, Ullensvang næringshage
Ann Irene Myrheim, Hardangerrådet iks
Christel Johannesen Kvamme, Ullensvang næringshage
Trygve Bolstad, Ullensvang næringshage
Hilde Midtømme Kettermann, Opplæringskontoret for Indre Hordaland
Svanhild Birkenes Handalag Opplæringskontor
Wenke Skudal, Opplæringskontoret for Hardanger
Trude L. Rinaldo, Hardangerrådet iks

Sakliste:

1. **Presentasjon av digitalt kunnskapsgrunnlag**
   v/ Nikolai Park Foss, analyserådgjevar for næring, plan og innovasjon VLFK

Friksjonsledigheit og strukturell ledigheit:
Strukturell ledigheit er utfordrande fordi det trengs kompetanse som ikkje er tilgjengeleg.
Når ledige er uten formelle kompetansekrav, er det vanskelegare å fylla jobbar.
For Hardanger og Voss er det mange med strukturell ledighet. *Utfordring me må ta tak i.*

Korleis forheld me oss til kjønnsfordeling i ulike yrker, ei utfordring me finn i fleire yrker, tildels sjølvforsterkande og uheldig. *Korleis kan me arbeide med dette?*
Bra tips til kjønnsbalanseutfordringen i pleie- og omsorg: “fokuser på teknologiutviklinga i faget”

Kompetanseforumet er eit viktig nettverk for kunnskapsdeling og formidling for å nå målet om rett kompetanse på rett stad til rett tid.

Til presentasjonen:
Spørsmål: Har de sett på behovet for arbeidskraft opp mot alle som går av med pensjon?
Svar: Ja, ligg i presentasjonen frå 2024(kan sendast ut). Nye tal kjem snar og vert lagt ut på nettsidene til VLFK. Alle skal få link.

Kommentar: Når K5 utbygginga startar vert det stort behov for arbeidskraft og lærlingar i mange fag. Kan me samarbeida med skulane og næringslivet om dette?

Kommentar: Me ser ein trend der mange elevar går utenom fagutdanning. Kva vil det seie for samfunnet?

2. **Oppfølging innspel dimensjonering 2025/2026 v/ Per Odd Grevsnes, seniorrådgjevar forsking, kompetanse og internasjonalisering/næring, plan og innovasjon.**

Fylke ønskjer innspel frå vårt kompetanseforum på behov framover, der fokuset er på endringar frå tidlegare innsendte behov dei andre åra.
Viktig at me spissar innspela.
Innspela vert lest nøye og sett saman med innspel frå andre skular og regionar.

Fylket er veldig glade for at det har kome på plass ei desentralisert barnehageutdanning i Hardanger og Voss.

Dialog:
Spørsmål: Er alt av næringsliv i Hardanger og Voss er påkobla dette forumet, når me ut i heile næringslivet. Me vil fokusera på dette i alle deler av vår region.

Kommentar/spørsmål: Elefanten i rommet er at det vert færre unge og fleire eldre, og det er dei uten formell utdanning som er overrepresentert?
Korleis jobbar me med dette?

Svar: Verktøy kan vera studiesentra - der kan me laga lokale utdanningstilbud.

Svar: Rollen til næringsråda er å vera ein del av dette arbeidet og eit kontaktpunkt mot næringa saman med skulane, opplæringskontora, næringhagane og kommunane.
Viktigst er å støtte det arbeidet som skulane gjer:

- for å få på plass fleksible studieløp
- kombinasjonsklassar med elevar på ulike yrkesfag med fellesfaga saman.

Svar: God oversikt på behov.

1. Men det som er ei utfordring er språkopplæring - for landbruk, reiseliv og auka inntak av flyktninger. Bruk for meir norskopplæring enn det som er på introduksjonsfaget.
2. Desentraliserte utdanningar vert endå viktigare framover. Me er i gang, og dette treng me meir av. Folk ønskjer ny eller heva kompetanse, men må gjere det lokalt. Hjeltnes har også fleire gode fagutdanningar.

Svar: Me treng rolleavklaring, kven gjer kva?
Det er mange “kokkar”: Næringshagen i Ullensvang; Hardanger og Voss næringshage; Lokale næringsråd; Skulane; Opplæringskontora.

Saknar at nokon jobbar med dette kontinuerleg, og har dette som sitt daglege virke.
Kommunar har gjort det med stor suksess.
Ønskjer ein **koordinatorfunksjon** for Hardanger og Voss.

Kommentar: MFY(modellstrukturert fag- og yrkesopplæring) er ei løysing. Jobbar aktivt med å følgja opp kull i NAV. Dette er for dei som ikkje vil gå på skule.
Kan det koma fleire slike linjer - og kan det gå raskere?
Svar: Det er i dag mange slike initiativ, f.eks “fagarbeidar på jobb”, Gloppenmodell; Sandslimodell. Alle med meir undervisning på arbeidsplass

På eit tidspunkt vil spørsmålet koma om det er næringane sjølve eller skulane som skal ha ansvar for yrkesopplæring. Denne utviklinga er igang.
“Fagveg”på jobb vert rulla ut i heile fylket i løpet av dei neste åra.
I dag vert det også diskutert om "mikro-utdanningar" eller korte kurs (slik som universitetet i dag tilbyr)
MFY utdanningane er i vinden.
Me vil også framover sjå på prosjektet “**forsterka utdanningsval”** - eit opplegg for ungdomskulane. Det er eit spennande prosjekt med svært gode resultat.

Inkluderingsprosjektet til VLFK skal jobba med alle desse prosjekta.
Me prøver å få til eit eige informasjonsmøte om dette med Per Odd.

3. **Dato for innspelsmøte i Hardanger Voss** (frist for innspel er 1.juni 2025)

Administrasjonen sender ut forslag til dato før 17.mai 2025.

4. **Ymse**

Ingen saker på Ymse

Kinsarvik 14.04.25
Trude Rinaldo,
Konsulent